

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet – 16. og 17.11.2016**

### **Onsdag 16.11.2016**

Budsjettkonferanse. Fylkesrådmannen presenterte sitt forslag til budsjett.

### **Torsdag 17.11.2016**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: 264-269, 271-275, 270, 279, 276, 278, 280-290/16.

#### **OPEN TIME**

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Vil Hordaland fylkeskommune bidra til å sikre en trygg russefeiring? For eksempel ved å bidra til å finne gode samlingsarenaer for russefeiringen. For eksempel i samarbeid med Bergen kommune?»

Fylkesordføraren og fylkesrådmannen svarte at dei vil halde fram samarbeidet m.a. med Politiet og Statens vegvesen/Bilstilsynet om russefeiringa.

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Hordaland fylkeskommune må ta klar avstand frå narkotika. Kan fylkesutvalget vurdere en uttalelse angående dette frem mot fylkestinget i desember. Eventuelt invitere Politiet til å orientere fylkesutvalget om hvordan man forebygger og bekjemper narkotikakriminalitet?»

Fylkesordføraren vil vurdere korleis problemstillinga kan handterast.

#### **INNSEND SPØRSMÅL**

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Nye krav til oblat på fylket sine innfartsparkeringar hindrar no sykkelpendlarar frå Sotra frå å setja frå seg bilen på Storavatnet og Straume og sykla vidare til jobb i Bergen.

Fylkeskommunen har fjerna høvet for pendlarar frå bygdene på Sotra til å parkera på Straume og sykla vidare til byn. Frå 1. november av tok dei og vekk det alternativet ein hadde på Storavatnet.

Alle planar og vedtak både nasjonale, fylkeskommunale og kommunale seier at veksten i reiser skal takast med kollektiv, sykkel og gange. (NTP, klimaplan, RTP, osb.)

Kva er årsaka til dette?

Når og korleis kan dette ordnast opp i?

[http://www.vestnytt.no/aktuelt/Jobbsyklistar-stengd-ute-fra-pendlarparkering-531383.html»](http://www.vestnytt.no/aktuelt/Jobbsyklistar-stengd-ute-fra-pendlarparkering-531383.html)

Fylkesordføraren svarte slik:

«11. mars 2015 vedtok fylkestinget i Hordaland strategi for innfartsparkering, der det heiter at etablering av innfartsparkeringsplassar er «eit av fleire verkemiddel som skal bidra til å nå dei nasjonale og regionale måla for kollektivtrafikken.» Målet med å tilby slik parkering er å auke talet på kollektivreisande.

For å ivareta dette målet er dei mest populære plassane for innfartsparkering berre opne for reisande med periodebillett og parkeringsoblat.

På Storavatnet vart det grunna utfordringar med kapasiteten innført oblatordning frå og me 1. november 2016, denne parkeringsplassen er såleis ikkje lenger tilgjengeleg for dei som vil parkere og sykle vidare.»

#### YMSE

**Terje Søviknes (Frp)** foreslo at budsjettprosessen neste år vert noko endra, til dømes ved at det vert halde budsjettseminar før møtet i fylkesutvalet der budsjettet vert behandla. På budsjettseminaret kan for eksempel fylkesutvalet, gruppeleiarane og utvalsleiarane delta

**Mona Røsvik Strømme (H)** ønskjer at ordninga med gruppeleiarsamlingar vert innført igjen.